



## Møteinnkalling

**Utval:** Fitjar sokneråd

**Møtestad:** Fitjar rådhus, kommunestyresalen

**Dato:** 16. februar 2017

**Tid:** Ca. kl. 19.30 (etter møtet i fellesrådet)

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskilt innkalling.

### Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Helga Olsen Aadland	Leiar
Sigrid Marie Fangel	Nestleiar
Gunnvald Aarbø	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav Oma	Sokneprest <b><u>N.B. Ord for dagen</u></b>
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Fridleif Lydersen	Vara for soknepresten

Fitjar, 11. februar -2017

Harald Rydland

Helga Olsen Aadland

Kyrkjeverje

Soknerådsleiar

### Sakliste:

#### Saksnr.

- S-07/17 Konfirmantundersvisning i regi av kyrkja og IMS, drøftingssak
  - S-08/17 Arrangement i kyrkja sin regi
  - S-09/17 Årsmelding 2016
  - S-10/17 Godkjenning av referat
  - S-11/17 Meldingssaker
  - S-12/17 Open post
-



**Sak 07/17: Konfirmantundervisning i regi av kyrkja og IMS, drøftingssak**

Prosten, sokneprest Olav J. Oma m.fl. har vore i møte med IMS (Indremisjonssamskipnaden). På møte vart det orientert om IMS sine planar for å setja opp konfirmasjonsundervisning i regionen, der tanken er at ungdomar frå Fitjar skal få invitasjon til å delta i undervisninga.

I møte vil soknepresten orientere nærare om saka. Det vert lagt opp til at soknerådsmedlemene kan komma med innspel og drøfta saka.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

**Sak 08/17: Arrangement i kyrkja sin regi**

I næraste framtid er det fleire arrangement i kyrkja sin regi som skal gjennomførast. Her kan me jubileumsarrangement, nemne inviingsgudsteneste for orgelet og kyrkjelydsfest, tur til Helgatun og kyrkjelyden sitt årsmøte. Det er bra om soknerådet går gjennom status for planlegging og gjennomføring av arrangementa. Det kan og vera greitt om soknerådet tek ein kort gjennomgang av arrangement som har funne stad den siste tida.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

**Sak 09/17: Årsmelding 2016**

No er det tid for å skriva årsmelding for 2016. For året 2014 vart årsmeldinga lagt om med ny utforming og måten å dela opp stoffet. Dette vart vidareført for året 2015 og. Før me for alvor set i gang arbeidet for 2016 er det greitt å få innspel frå soknerådet om korleis dei ynskjer at årsmeldinga for 2016 skal utformast. På årsmøte i fjor kom det ynskje om å ta inn kyrkjemusikalsk arbeid som eige tema i årsmeldinga. Elles har årsmeldinga dei siste åra hatt slikt innhald:

- Gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Trusopplæring
- Drift av kyrkja og gravplassen
- Økonomi
- Anna arbeid i kyrkjelyden

Årsmeldinga for 2015 kan de sjå ved å følge denne lenka:

<https://kyrkja.no/globalassets/felles-bildebank/bilder/fitjar/dokument/fitjar-sokn-arsrapport-2015.pdf>

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

**Sak 10/17: Godkjenning av referat**

Utkast til referat frå soknerådsmøte den 19. januar har sekretæren sendt ut i eigen e-post tidlegare. Det er fint om medlemene kan lesa gjennom referatet og komma med evt. merknader før det skal godkjennast i møte.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet godkjenner referatet frå møte den 19. januar 2017.



DEN NORSKE KYRKJA  
Fitjar sokn

**Sak 11/17: Meldingssaker**

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Utmelding frå kyrkja den siste tida
2. Nattverd i gudtenesta, intiksjon og knefall
3. Kyrkja si heimeside og Facebook
4. Lutherfest i Bergen 3. – 5. mars
5. Gjevartenesta i kyrkjelyden

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering

**Sak 12/17: Open post**